

## Emnerapport / Course report ved / at Infomedia #170

**Emnekode / Course code** MIX350

**Emnetittel / Course title** Masteroppgåve i medie- og interaksjonsdesign

**Semester** våren 2025

**Emneansvarlig / Course coordinator** Lars Nyre

**Sist evaluert (semester / år) / Last evaluation (semester / year)** Aldri

### Hva er emnets undervisnings- og vurderingsform? / What are the teaching methods and forms of assessment used in the course?

#### UNDERVISNINGSGRUPP

Målet med emnet er at studentane skal gjennomføre eit praktisk basert og sjølvstendig forskingsprosjekt i medie- og interaksjonsdesign. Masterprosjektet kombinerer ein praksisbasert komponent med ein teoretisk og analytisk skriftleg komponent.

Studenten førebur masterprosjektet på kurset «MIX303 Forskningsdesign og metoder» i vårsemesteret. Då får hen også tildelt akademisk rettleiar. Studenten kan knyta seg til eit eksternt firma eller organisasjon eller eit forskingsprosjekt ved UiB eller andre akademiske institusjonar, og får hjelp til å etablere kontakt av kursansvarleg på MIX303. Sjølv masterarbeidet foregår over eitt år og utgjer 60 studiepoeng. I denne perioden får kandidaten rettleiing etter normal prosedyre for masteroppgåver. Dersom hen har samarbeid, vil hen typisk ha 3-4 møter gjennom året. I mai presenterer kandidaten sitt prosjekt på MIX Innovasjonsdagen, og har deretter tid til å justere og forbedre prosjektet før innlevering.

#### VURDERINGSFORM

Innleveringa består av ein praktisk komponent, ein individuell skriftleg komponent og ein justerende munnleg eksamen. Den skriftlege komponenten er ei akademisk oppgåve på 15 000-20 000 ord. Denne oppgåva skal sette det praktiske arbeidet i ei vitskapleg samanheng. Den skriftlege delen teller 55% av den totale karakteren på masteroppgåva. Den praktiske komponenten er ein prototype og/eller eit større evalueringsarbeid og kan vere individuell eller gjennomført som gruppe. Det praktiske arbeidet teller 45% av den totale karakteren på masteroppgåva. Den justerende munnleg eksamen består av en presentasjon og utspørjing av kandidaten. Den justerende munnleg eksamen kan justere endeleg karakter opp eller ned med ein karakter.»

### Oppfølging fra tidligere evalueringer / Follow up from previous evaluations

Emnet har ikkje blitt evaluert tidlegare.

**Evalueringsmetode(er) / Form of evaluation** Digital spørreundersøkelse

### Sammendrag av studentene sin evaluering / Summarize the results from the student evaluation

Me har hatt ein digital spørreundersøkelse ute på MIX350, men dessverre har me ikkje fått nokon svar. Det er ikkje tradisjon for slike undersøkingar etter masteroppgåva og studentane tenkjer nok ikkje så mykje på ei evaluering når dei er i innspurten og/eller nettopp har levert. Me har difor ikkje eit samandrag av studentane sin evaluering

### Emneansvarligs evaluering / The course coordinator's evaluation

MIX350 er eit uvanleg masterprogram fordi studentane både kan jobba i grupper, og har eit todelt prosjekt (praktisk komponent og teoretisk oppgåve). Me har eit godt studentmiljø, og rettleiarane har relevant kompetanse og god kontaktflate i forskingsmiljøa såvel som industrien. Dette gir studentane gode sosiale og faglege føresetnader for å lykkast med prosjekta sine. Dei fyrste åra var det vanskeleg å finna eksterne sensorar med den rette kompetansen, og

nokon av masterprosjekta blei vurdert altfor strengt eller altfor snilt. Dette har gått seg til over tid, og no er vurderinga i all hovudsak fagleg relevant og rettferdig for studentane.

I den gjeldande perioden, hausten 2024 og våren 2025, hadde me 22 studentar. Dette var svært mange for vår vesle stab, og fleire av oss måtte ha opptil 6 studentar. Heldigvis har me hatt muligheit til å hyra inn Fredrik Håland Jensen for å bidra med ekstra rettleiing. Det har vore problem med dårleg oppfølging frå nokon av rettleiarane, og dette har skapt vanskar for nokon av studentane. Her er det rom for forbedring.

#### **Evt. kommentar til karakterfordeling / Comments on the grade distribution**

Eg har ikkje tilgang til sensurprotokollar for MIX350.

#### **Mål for neste evalueringsperiode - forbedringstiltak? / Goals for the next evaluation period - what can be improved?**

Det er viktig at rettleiarane følger opp slik dei er forplikta til. Det er også viktig at ekstern og intern sensor har dei rette faglege føresetnadene. For eksempel er det uheldig at ekstern sensor har ein kvantitativ HCI-bakgrunn hvis studenten har skrive ei oppgåve med vekt på bransjenær brukarorientert design.